Om den kommunale vegen øvst i Uskedalen. 09.04.2016

Det er her vegstrekninga innsendaren skriv om, startar.

Dei som bur øvst i Uskedalen, har lenge vore misnøgde med standarden på den kommunele vegen frå Øvre Musland og vidare oppover. Det dreier seg om 900 meter veg. Møyfrid Kristoffersen har ofte vore talskvinne i saka, og no har ho sendt oss eit brev som ho også har sendt til Kvinnherad kommune. Det lyder slik:

Eg les i avisa om «millionar til vegutbetring» i Kvinnherad.

Fleire gongar har eg teke kontakt med kommunen, for å ta opp spørsmål om vedlikehaldet på «dei 900 metrane» nemnt i overskrifta (frå Øvre Musland, der fylkesvegen sluttar, og til Friheim).
Særleg er det vintervedlikehaldet eg har tatt opp, men også fleire andre forhold; eks stein som stikk opp i vegen, grøfting pga overflatevatn (blir til is om vinteren), lausgrus i sving, høgt utføre utan autovern m.m. I tillegg til ujamn og holete veg / lenge sidan asfaltering.

Eg har spurt kommunen om korleis denne korte vegstrekninga skal kunne kome i betrakting i høve ei prioritering/ein prioriteringsplan, men eg har ikkje fått svar på dette.
Når eg no les i avisa om, både at kommunen har brukt lite pengar på veg i høve andre kommunar, og at kommunen no skal bruke ein god del pengar på vegutbetring, så spør eg igjen:
Kva skal til for at- og kan, denne korte vegstrekninga kome inn under ei prioritering ?

Eg tek også opp / minner om, at ein stor skulebuss køyrer på denne smale og dårlege (inkl farlege parti), fleire gongar kvar dag.

Vennleg helsing
Møyfrid Kristoffersen
90606517

Foto og nett: Thor Inge Døssland